

---

Saksnr: 2020/1929-27  
Saksbehandlar: Dagmar Reutz Hillestad

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Vestland ungdomsutval		17.06.2020

**Nasjonal fritidskortordning - invitasjon til å nominera ungdomskandidatar**

Forslag til vedtak

Vestland ungdomsutval vedtek å ta imot invitasjonen til å nominera kandidatar til Barne- og familiedepartementets ungdomspanel som gjeld nasjonal fritidskortordning. Ungdomsutvalet vedtek å nominera følgjande representantar frå Vestland fylke:

1. ....
2. ....

Samandrag

Barne- og familiedepartementet skal oppretta eit ungdomspanel for å sikra ungdomsmedverknad i vurderingane av ei nasjonalt fritidskortordning. Formålet med panelet er å gi råd til departementet om korleis ei fritidskortordning kan nå målsetjinga om at fleire born og unge kan få delta i organiserte fritidsaktivitetar. Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir) vil vera sekretær for panelet på vegne av Barne- og familiedepartementet. Råda kan også ha verknad på utviklingsarbeidet i kommunane og for Bufdir si utgreiing.

Bertil Søfteland  
seksjonssjefDagmar Reutz Hillestad  
utvalssekretær

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir) har sendt ut invitasjon til å nominera kandidatar som vil delta i Barne- og familiedepartementets ungdomspanel - eit panel som skal gi råd når det gjeld nasjonal fritidskortordning.

Regjeringa vil leggja til rette for at det skal vera mogleg for alle born og unge å kunne delta i leik, fritid og til å utvikla sine evner og ferdigheiter. Det er difor sett i gang eit forsøk med fritidskortordningar som skal bidra til å dekke deltakaravgift til faste, organiserte fritidsaktivitetar for born og unge frå 6 til fylte 18 år. Hensikten med forsøket er å finne ut korleis ei nasjonal ordning kan innrettast på ein treffsikker og effektiv måte slik at fleire born og unge har moglegheit til å delta i fritidsaktivitetar. Bufdir har fått ansvar for forsøket og det vidare arbeidet med fritidskortet. Dette inneberer rekruttering og oppfølging av kommunar og bydeler som skal bidra til å utvikla fritidskortordninga, utgreiing for ei nasjonal ordning og arbeid med tekniske løysingar.

- Panelet skal bestå av 10-11 deltakarar i alderen 13 til 17 år
- Panelet har oppstart tidleg hausten 2020 og vil vara til rundt årsskiftet
- Det vil bli innkalla til minst fire møter - og det vert i utgangspunktet lagt opp til fysiske møter i Oslo. Det er forventa at paneledeltakarane gjennomfører nokre aktivitetar mellom møtene og kommuniserer gjennom digital plattform.
- Panelet vil få moglegheit til å møta politikarar og dei som har ansvar for utvikling av ei nasjonal fritidskortordning i Barne- og familiedepartementet.
- Panelet står fritt til å ta opp det dei meiner er relevant innanfor rammene av oppdraget
- Bufdir er sekretariat for panelet og skal sørge for gjennomføring av panelet sine møter. Sekretariatet skal sjå til at panelet får naudsynt og relevant informasjon for å utføra arbeidet. Dei har også ansvar for praktisk oppfølging av paneledeltakarane.

Det er sett kriteriar for nominasjon - ein tredjedel av ungdomane skal rekrutterast fra høvesvis

- barne- og ungdomsorganisasjonar, lag og foreningar
- ungdomsråd
- fritidsklubbar og opne møteplassar for ungdom

Panelet skal så langt som råd er spegla mangfaldet i ungdomsbefolkningen og representera ungdom frå ulike deler av landet - både by og land. Ein vert oppfordra til å tenkja på mangfald og inkludering når ein nominerer kandidatar. I den endelege samansetjinga vil det bli teke omsyn til geografi, bygd, by eller storby - og at deltakarane representerer ulike interesser og fritidsaktivitetar gjennom sin organisasjon/lokale engasjement.

Ungdommene skal nomineres av annen ungdom gjennom overnevnte arenaer og må oppfylle følgende kriterier:

- Må være mellom 13 og 17 år
- Må være anbefalt av et ungdomsråd eller en organisasjon som mottar dette brevet
- Kan representere en organisasjon/lokallag eller lokalt initiativ som har engasjert seg i panelets tematikk
- Kan være medlem av ungdomsråd
- Kan være aktiv i organiserte fritidsaktiviteter, kulturell/livsnybasert forening og fritidsklubb/ungdomsklubb
- Ungdomane treng dermed ikkje å vera medlem eller aktiv i ungdomsrådet eller i organisasjonen

Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Bufdir dekker reise- og opphaldsutgifter for ungdomane evt. også føresette

**Klima:** ikkje relevant

**Folkehelse:** ikkje relevant

**Regional planstrategi:** ikkje relevant

#### Konklusjon

Vestland ungdomsutval vedtek å ta imot invitasjonen til å nominera kandidatar til Barne- og familiedepartementets ungdomspanel som skal sikra medverknad i vurderinga av ei nasjonal fritidskortordning.